

nr. 4 - 2012

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular



STIMULERER
SPRÅKET



KONKRE- TISERING STIMULERER SPRÅKET

I Førresfjorden barnehage snakkar dei mange språk. Fleirspråkleg ordleik og språkstimulering er ein del av kvardagen.

TEKST: JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

Å gå i barnehage gjev ikkje nok språkstimulering for fleirspråklege barn. Ein må byrje tidleg med ekstra trening, seier språkpedagog Ingunn Bårdsen i Førresfjorden barnehage. Ho fortel at det kan ta opp mot 5 til 8 år før barna er trygge i norsk språk.

Det er viktig å ta tak i dette tidleg og tenkje på at ein skal trene språk med alle barna i løpet av dagen. Men hjå oss er dette blitt ein del av kvardagen, me ser ikkje på dei ulike tiltaka som spesielle lenger. Det er berre slik det er.

Stor språkinteresse

Førresfjorden barnehage er mottaksbarnehage for flyktningar. 19 av barna i barnehagen er fleirspråklege, og til saman representerer dei åtte ulike språk. Dermed blir språkstimulering av fleirspråklege barn ein del av kvardagen i Førresfjorden barnehage.

For oss er ikkje dette ei spesiell utfordring, men derimot kvardagen vår. Me har mange ulike nasjonalitetar, språk og kultur i barnehagen, noko som er lærerikt for alle barna, seier Bårdsen. Og språkinteresse blant alle barna er stor, legg ho til.

Me samanliknar mange ord på dei ulike morsmåla og norsk. Eit nøkkelord kan til dømes vere snø og ski. Det er ikkje sikkert dei har eit ord for det eingong viss dei kjem frå Somalia. Det er spanande for barna å forstå at det finst så mange ulike språk.

Og me spelar på kulturtradisjonar som er ulike. Det blir laga mykje spanande og god mat på tvers av desse kulturane, til dømes.

Satsar på foreldra

Bårdsen er tilsett i 60 prosent og skal berre arbeide med fleirspråklege barn. Førresfjorden barnehage har også ei rekkje ekstra språktiltak og tiltak som gjer det lettare for foreldre til innvandrarbarn å fylle rolla si i hopehavet med barnehagen.

Me tilbyr bamepass under foreldremøta. Det er viktig å bruke foreldresamarbeidet, og foreldra er kjempeglade for dette. Dei er opptekne av at borna skal kunne gå på skule, og då må dei bli trygge på det norske språket. Me ser at barna blir tryggare i norsk dersom dei byrjar tidleg i barnehagen, sidan dei fleste snakkar morsmål heime, fortel Bårdsen.

Dei ulike språktiltaka i Førresfjorden barnehage er i stor grad finansierte via statstilskot, kommunale løyvingar og ulike prosjektmidlar.



Fylkesmannen har dei siste åra lyst ut eigne kompetansehevingsmidlar for barnehagar, som er øyremerkte det fleirkulturelle fagfeltet. Her har me søkt og fått prosjektmidlar, seier styrar Bente Halvorsen.

Ressurskrevjande innsats

Når det kjem eit barn med fleirkulturell bakgrunn til barnehagen, reiser dei tilsette først på heimebesøk til familien. Der viser dei ein film om barnehagekvardagen og fortel kva det vil seie å gå i barnehagen. Etter kvart blir mor eller far med i barnehagen, så lenge det er naudsynt, og til barna er blitt trygge på den nye kvardagen. Barnet får også ein eigen tilsett den første månaden.

Det varierer veldig kor lenge foreldra må vere med, men det er betydeleg lengre enn vanleg tilvenning. Det er klart dette er ressurskrevjande, men det er verdifullt å leggje ned denne ekstrainsatsen i

byrjinga. Det ser vi

resultatet av seinare, slår Ingunn Bårdsen fast.

Ho nemner språktiltak som kommunikasjonskort, snakkepakken, bokkassar med bøker på fleire språk og konkretisering med bilete, teikningar og plakatar på veggene.

Alle skal finne noko kjensleg i barnehagen når dei kjem inn døra. Noko som dei kjenner att frå sitt eige land og sitt eige språk.

Språkleg plattform

Snakkepakken er eit pedagogisk språkverktøy som kan brukast uansett kva språkkunnskapar eller morsmål barna har. I pakken er det både gjenstandar, spel og bøker som ein kan bruke i språkstimuleringa. I Førresfjorden barnehage blir snakkepakken brukt som ei plattform i språkarbeidet for heile barnehagen.

Det er ulike tema for kvar månad, og ein kan endre opplegget for kvart år. Eit tema kan til dømes vere eventyr, der ein kan lære ulike ord og uttrykk. Snakkepakkeane kan ein bruke parallelt på morsmål og norsk.

I tillegg brukar me kommunika-

STIMULERER
SPRÅKET

© Ingrid Hillerød

sjonskort som viser enkle ord og uttrykk på morsmål og norsk. Disse korta kan i tillegg barna snakke med.

Dei ligg framme slik at ein kan peike på dei dersom ein til dømes må på do, men ikkje kan forklare det på norsk. Me har også brukt ein del ressursar på å omsetje teksten i mange bøker, slik at tekstane blir tilgjengelege for alle.

Dei tilsette i barnehagen har også vore på studietur til London, og der investerte dei i ein «mantring lingua talking penn»; ein penn som kan oversetje tekst, og som barna kan bruke til å lese inn eigne tekstar. Han har gjort mange tekstar tilgjengelege for fleire barn enn før.

Observerer utviklinga

Bårdsen fortel at dei jobbar med barna både enkeltvis og i grupper. For skulen er det dessutan viktig at barnehagen registrerer kvar barna er i språkutviklinga, slik at dei kan førebu seg på at barnet skal byrje i skulen.

Det går på registrering av ting som om barna forstår enkle ord, og om dei inviterer til samtale eller gir respons dersom dei blir prata til. Ein observerer også lesestunder for å sjå om barnet forstår handlinga i forteljninga. Dersom barnet til dømes blir inspirert til å teikne av historia som blir fortald, er det tydeleg at han har skjont handlinga, seier Bårdsen.

Kva resultat ser de av arbeidet med ekstra språkstimulering?

Det er vanskeleg å måle desse resultatane, men me ser at mange av barna lærer det norske språket raskt, og at dei lærer betre dersom dei byrjar tidleg i barnehagen, slår Ingunn Bårdsen fast.

Bokmeldingar

NYSGJERRIG PÅ HVORDAN VERDEN BLE TIL?

Ei bok om dei store spørsmåla

Ingrid Spilde si bok om korleis verda blei til, er ei bok som stiller alle dei store spørsmåla. Det første spørsmålet ligg i boktittelen, men fleire følgjer: Korleis kjem verda til å slutte å eksistere? Kor gammal er jorda? Finst det anna liv i verdsrommet?

Av Elin Moen Karlsen
Nysgjerrig på hvordan verden ble til er del av ein fagbokserie for barn om forskning og vitenskap som har blitt gjeven ut i samarbeid med Noregs forskingsråd. Nysgjerrigper har over 80 ooo medlemmer over heile landet og er barnesatsinga til Forskringsrådet.

Dette er ei bok for unge forskarspirer, men delar kan også nyttast i undervisinga i skulen innan forskjellige tema, til dømes tyngdekraft, verdsrommet og geologi. Spørsmåla som blir stilte, er store og svara vanskelege å forstå, men likevel klarer Ingvild Spilde å skrive om dette med eit levande og forteljande språk.

Boka byrjar med å fortelje om «Det store smellet», eller «The Big Bang» om du vil. Spilde byrjar kvart kapittel med å stille spørsmål. Utover i kapittelet prøver ho å finne svara på spørsmåla. Illustrasjonane er klare og tydelege, særleg er illustrasjonen av universet i dag over to sider i det første kapittelet forteljande og interessant. Her får vi litt fakta om til dømes galaksar, sola, planetar, asteroidar, kontinent, atom og partiklar.

I det neste kapittelet fortel Spilde om Isac Newton og Albert Einstein og oppdag-



: Forfatter: Ingrid Spilde
: Forlag: Mangschou, 2011
: Illustratør: Espen Friberg

ingane deira kring tyngdekrafta. Ho fortel også om andre vitenskapsmenn som jobba med tyngdekraft som tema.

Vidare får vi høyre om mørk materie og jakta på denne, om stjerner, korleis forskarane ser bakover i tida for å finne ut kva som har skjedd og kva som kan kome til å skje, lysfart, teleskop, måneforskning og verdsrommet elles. Deretter går Spilde inn på jorda og ser på korleis ho har endra seg gjennom kontinent- og jordplatedrift. Her får vi høyre om jordskjelv og vulkanar, mellom anna illustrert gjennom vulkanen Eyjafjallajökull sitt utbrot i 2010.

Så er det jorda sin geologi som står for tur, før boka blir avrunda med spørsmålet om det finst anna liv i verdsrommet, om det finst andre univers der ute som vi ikkje kjenner i dag. Midt i boka finn vi i dessutan ei skildring av korleis ein forskar jobbar gjennom nysgjerrigpermetoden.

I tillegg til klare, teikna illustrasjonar blir det i boka *Nysgjerrig på hvordan verden ble til* også nytta nytt og gammalt biletmateriale. Dette fungerer fint og gjer at boka blir nesten som eit leksikon å rekne. Den forteljande teksten gjer likevel at dette ikkje blir keisamt teoretisk materiale som blir ramsa opp for lesaren. Ingvild Spilde har ei historie å fortelje.

Elin Moen Karlsen

NÅR DU GÅR PÅ EI BRU

i rikholdig bok om bruer

Med sine 70 sider er *Når du går på ei bru* ei bok ikkje berre

om dei tekniske og teoretiske sidene ved bruer og brubygging, men òg ei bok om mennesket og historia vår, om livet før og nå, om ingeniørkunst, naturvitskap, politikk, samfunnsbygging, geografi, verdshistorie, vennskap og kjærleik.

Boka startar opp som eit oppslagsverk om bruer og brubygging, om tyngdekraft, berekraft, former og materiale. Så held boka fram med å fortelje om kva som må skje i eit samfunn for å få bygd ei bru. Her blir det fortalt korleis kommunar, fylke, storting og andre statlege organ fungerer.

Så får lesaren vere med under bygginga av Brandangersundbrua i Sogn og Fjordane, illustrert med eit rikt og forteljande biletmateriale.

Deretter kjem ein interessant faktadel, som fortel om ulike brurekordar i Noreg, Europa og verda. Denne delen kan vekke interessa for å finne ut meir om dei forskjellige bruene, for her er det mange fantastiske byggverk.

Vidare fortel Erna Osland si brubok om bruer til forskjellig bruk og om kva som krevst av dei ulike bruene. Så får vi høyre om ulukker som har skjedd på bruer. Deretter blir bruer sett inn i ein historisk samanheng, der vi mellom anna blir kjende med litt av historia til London-brua, bruer i Venezia og Golden Gate-brua. I denne samanhengen tek Osland dessutan opp den vanskelege tematikken om ulukkelege personar som vel å ta livet sitt ved å hoppe frå bruer.

Osland skildrar elles korleis folk har busett seg på begge sider av bruer, og korleis nye samfunn og byar då har blitt til. Ho fortel om bruer mellom verdsdelar og land, om brua mellom Nord- og Sør-Korea som har vore stengt i femti år. Ho sluttar av med å skrive om oss menneske som brubyggjarar, ikkje i fysisk meining, men om dei usynlege bruene som byggjer vennskap.

Når du går på ei bru er ei god bok å bruke i undervisinga i skulen, særleg i samband med tema som tyngdekraft og konstruksjonar. Boka oppmodar også til å bruke praktisk øvingar for å illustrere brubyggjarkunsten. Ho kan også nyttast innan tema som samfunnsbyggnad; om kommune, fylkeskommune og stat.

Sjølv om tekstinnhaldet til tider kan vere vel teknisk og vanskeleg, så klarer Erna Osland å gjere språket såpass forståeleg at også dei som ikkje er spesielt interesserte i ingeniørkunst og naturvitskap, kan klare å få med seg innhaldet. Illustrasjonane til Espen Friberg er tydelege, og enn tidvis kanskje litt fargelause.

Elin Moen Karlsen



: Bok: Når du går på ei bru
: Forfatter: Erna Osland
: Illustrasjonar: Espen Friberg
: Forlag: Mangschou, 2011



PIT PARION

DEI GODE BILETBØKENE

Det har vore mange turar på postkontoret for å henta bokpakkar det siste halvåret. Eg var nemleg heldig nok til å få koma inn i juryen for Nynorsk barnelitteraturpris i fjor haust, noko som gjorde at eg fekk leseeksemplar av kvar einaste nynorske barne- og ungdomsbok som kom ut i 2011.

Etter å ha lese gjennom alt, og det var ikkje lite, må eg seia at det var imponerande mange gode utgjevingar. Særleg biletbøkene utmerkte seg med eit jamt høgt nivå, og både eg og treåringen heime har fått fleire nye favorittar i året som gjekk. Her er dei fem nynorske biletbøkene treåringen og eg likte best i 2011:

5. Camilla Lundsten: ENDELIG BÆSJ!

Veslefanten er hovudpersonen i denne enkle forteljinga om eit komplisert emne, nemleg det å gå på do sjølv. Illustrasjonane til Lundsten er fargesterke, originale og levande. Det finst til saman seks biletbøker og ei teljebok med Veslefanten og venene hans.



Arild Torvund Olsen

4. Anna Folkestad: HENRIK AND

Anna skriv om anda som vil vera noko anna. Ei god debutbok frå ein biletbokskapar det skal verta moro å fylgja vidare.

3. Elizabeth Baguley og Marion Lindsay: KLAR, FERDIG, SPØK!

Ragnar Hovland har omsett denne søte forteljinga om det vesle spøkjelset Børre. Boka skil seg positivt ut med nydelege teikningar og flott fargebruk.

2. Kari Stai: MOPP OG MIKKO ELSKAR DYR

Kari Stai greier å gripa fatt i den trongen små born har til å få orden og meining i omverda. Både forteljinga og illustrasjonane er skorne ned til det heilt enkle og grunnleggjande, men små, uventa detaljar gjer at det ikkje vert keisamt. Det finst fire bøker i serien om Mopp og Mikko.

1. Áslaug Jónsdóttir, Kalle Güettler og Rakel Helmsdal: NEI! SA VESLEMONSTER

Ei bok om å tora å seia nei. Samspelet mellom skrifta og dei klåre bileta er heilt i særklasse, og ein kjenner seg rett og slett glad etter å ha lese boka. Det har til no kome to bøker om Veslemonster og Storemonster på norsk, baa omsette av Tove Bakke.

FØLG OSS PÅ FACEBOOK OG TWITTER

Bli tingar og få Pirion
i posten 8 gonger i året
for kr **235,-**

Pirion-kurs

Les meir på www.pirion.no

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no